

## Vedlegg til høyringa om framlegg til endringar i stadnamnlova

### Riksantikvaren sine merknader til høyringsnotatet

Spørsmål om skrivemåten for stadnamn er viktige for Riksantikvaren, mellom anna som ansvarleg for eigedomsbaserte digitale register over kulturminne. Det er difor uheldig at Kulturdepartementet ikkje har satt Riksantikvaren opp som direkte mottaker av denne høyringa. Riksantikvaren var heller ikkje inne som høyringsinstans ved høyringa av same lov i 2012. Vi ser gjerne at Klima- og miljødepartementet melder fra om dette til Kulturdepartementet.

Riksantikvaren har fylgjande merknader til lovtkastet:

#### Til § 1 Formål og verkeområde

Riksantikvaren er svært medviten om at stadnamn er viktige kulturminne på linje med dei fysiske kulturminna og kulturlandskapet dei er del av, og at det opphavlege meiningsinnhaldet (dvs. etymologi) er ei viktig historisk kjelde som mange har stor interesse for, og som har mykje å seie for det daglege arbeidet til kulturminneforvaltinga, ikkje berre for registerføring men òg til dømes for arkeologisk registrering av kulturminne i marka. Riksantikvaren ser det difor som viktig at formuleringa «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet» tas inn i § 1 første ledd i staden for «tenleg».

#### Til § 2 Definisjonar

Etter Riksantikvaren sitt syn er gjeldande definisjon av stadnamn betre enn den no foreslåtte. Den gamle er formulert på eit overordna og meir generelt nivå, medan den nye definerer ved å gje døme. Når det er sagt, er dei fleste døma som blir gitt i den nye definisjonen, greie nok og vil truleg fungere pedagogisk. Eitt av døma har vi eit konkret spørsmål til: I den gamle definisjonen kan vi ikkje sjå at «institusjonar» faller inn under lova. I den nye definisjonen gjer «institusjonar» eksplisitt det. Vi er usikre på kva som ligg i kategorien «institusjonar» i denne samanhengen. Slik vi ser det er «bygningar» ikkje noko godt døme på «institusjonar». Vil den foreslåtte endringa føre med seg at også namnet på bygningar vert omfatta av lova?

Punkt e inneheld etter vårt syn ein logisk brist. Den gjeldande definisjonen «lokal talemålsform...» er foreslått erstatta av «nedervd lokal uttale: den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk». Tillegget – «som framleis er i levande bruk» høyrer etter vår vurdering ikkje heime i definisjonen av «nedervd lokal uttale», som er ein storleik som kan identifiserast uavhengig av om uttala er i levande bruk eller ikkje. «Som framleis er i levande bruk» kan ev. heller komme inn som eit tilleggskriterium, se våre merknader til foreslått § 4 under.

#### Til § 3 Namnevern

Det blir sagt i høyringsnotatet at motivet for å endre formuleringane på dette punktet er av pedagogisk art. Det er difor paradoksalt at dei foreslåtte nye formuleringane er vanskelegare å forstå enn dei gjeldande. Dette kan fremst ha å gjere med bruken av dobbel nekting, som alltid er ei logisk utfordring for forståinga. I både gammel og ny tekst viser ein i punkt b til

stadnamn som er eit «særeige namn». Kva som i denne samanheng skal reknast som eit «særeige namn», krev etter Riksantikvaren sitt syn ei forklaring (gjerne med døme).

#### Til § 4 Reglar om skrivemåten

Her er det ikkje gjort framlegg om endringar. Etter Riksantikvaren si vurdering er det vel snarare her formuleringa frå definisjonen i foreslått § 2 punk. e, «og som framleis er i levande bruk», høyrer heime som omsyn.

#### Til § 5 Fastsetjing av skrivemåten

Riksantikvaren støttar at kategoriar namneobjekt som Statens kartverk kan vedta skrivemåten for: «gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn (terrengformasjonar), namn på statlege anlegg o.l.», blir eksplisitt nemnde i lovteksten.

#### Til § 6. Nærmare om saksbehandlinga

Medan dei andre framlegga representerer mindre, til dels reint kosmetiske, endringar, er endringane i § 6 radikale. Riksantikvaren vil nytte høvet til å peike på kva som etter vår meining utgjer alvorlege prinsipielle og praktiske veikskapar med framlegget. Vi har forståing for at ein ynskjer å forenkle saksgang og byråkrati, men ser ikkje at saksgangen vil bli vesentleg letta etter endringane som det her er gjort framlegg om.

Framlegget om at eigar/brukar/festar sjølv skal fastsetje skrivemåten for bruksnamn undergrev andre omsyn som er viktige for å få til eit ryddig og effektivt byråkrati/forvaltning. Prinsippet om at bruks- og gardsnamn skal ha same skrivemåte der desse namna har same opphav, er pedagogisk fornuftig, lettar identifisering og gjenfinning i alle offentlege register, inkludert kulturminneregister og kulturminneforvaltninga sine øvrige system. Det sikrar konsistens på tvers av skiftande eigarforhold, og skaper ikkje fallgruver korkje for byråkratiet eller for naudetatar.

Om eigar/brukar/festar skal ha det avgjerande ordet i valet av skrivemåte for bruksnamn, og svake krav på seg til å produsere dokumentasjon for hevd i offentleg sektor (jf. høyringsnotatet), ser Riksantikvaren for seg ein situasjon der ein i verste fall kan ende opp med fem-seks ulike skrivemåtar for same namnet – og dessutan ein kontinuerleg dynamikk i dette parallelt med eigarskifta. Det er for enkelt å skuve problemet dette skaper, til side som eit «kartografisk problem». For alle offentlege, eigedomsbaserte register, vil dette skape tunge problem. Kulturminneforvaltninga sine registerdata er berre éin slik type digitale data. Riksantikvaren er midt inne i ein tung moderniseringsprosess der etableringa av autoritetsregister, smidig utveksling av data med andre etatar og forenkling av byråkrati er vesentlege omsyn. Våre data ligg i eigedomsbaserte register, og vi vil difor sterkt åtvare mot denne lovendringa av omsyn til alle som arbeider med modernisering av offentlege datakjelder og har mål om eit smidigare byråkrati. Dersom dette framlegget vedtas vil stadnamnlova bli ein tung snublestein og eit hinder i moderniseringsarbeidet.

Riksantikvaren har òg kulturhistoriske innvendingar mot at eigar/brukar/festar skal få bestemme skrivemåten for bruksnamn. Nedervde bruksnamn kan spegle fleire tusen år gamle gardsnamn. At eigar/brukar/festar skal kunne bestemme skrivemåten for bruksnamn og ved dette overstyre viktige kulturhistoriske konnotasjonar, verker lite gjennomtenkt.

Til § 7 Gjenopning  
Ingen merknader.

Til § 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn  
Vi viser her til våre merknader til foreslått § 6.

Til § 9 -14  
Ingen merknader.